

## **VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG**

### **ÅRSMELDING FOR 2005**

(frå 28.2.05 til 8.5.06)

Meldingsåret starta med årsmøte på Haukåsen 28.2.2005. Her hadde me kosleg underhaldning av hardingfelelevar saman med læraren sin Jan Beitoaugen Granli. Elevane var: Ole Kjetil Grnlund, Tora Skavhaug Vik, Kari Marie, Ola Ingar og Ivar Jørgen Trøen Hagen.

Desse vart i styret for 2005:

Styret: Kari Hagaseth, attval leiar  
Karin Trøen Hagen, attval  
Ingrid Skavhaug, attval  
Tron Kittelsen  
Nils Rogn

Vararepr.: Jan Sparstad, attval  
Bente Grnlund, ny  
(desse vert kalla inn til alle styremøter)

Valnemd: Kari Birgit Lien  
Nils Leine  
Kari Fagersand

Revisorar: Arne Belsheim, attval  
Boye Thorpe, attval

Laget har hatt seks styremøter i meldingsåret. Dei to siste gjekk mest med til å planlegge lokalkappleiken.

Laget har 46 medlemmer.

Kari Hagaseth var utsending til årsmøte i VFL i Vestre Slidre 11.3.05.

Lokalkappleiken var i Vestre Slidre 12.3.05. Deltakarar på kapappleiken frå Valdreskvelven var Anna Ødegården på langeleik og Ivar Hemsing i runddans. Bjørg Berge var dommar i dans. Ingrid Skavhaug og Kari Hagaseth var på evalueringsmøte etter kapappleiken, i V. Slidre 11.4.05.

28. april 2005 arrangerte me ein hyggekveld i Tørpeskulehuset for halling- og langeleikungdommar/ungar. Bjørn Strand (Nord Aurdal) hadde med seg hallingdansarane "sine", og det kom ei langeleikjente frå Vestre Slidre. Me dansa og spelte kvar for oss fyrst, og for kvarandre etterpå. Kake og saft vart servert! Me hadde ein inspirerande kveld der ungdomane frå Vang og Vestre Slidre fekk syne for kvarandre kva dei kunne, og også danse og spela saman. Vaksne var også med for å få kvelden vel i hamn!

Valdreskvelven og Vang mottakssenter sökte om pengar frå musikkverkstadordninga (MVO). Dette vart innvilga og førte til av Jan Sparstad og Katarina Sparstad hadde ei musikk/sanggruppe på "mottaket". Dette vart organisert av mottaket. Tilskotet var på kr 6000,-. Gruppa dreiv på frå hausten 2004 til juni 2005, med avsluttande opptreden på markensdag i Vang, arr. av Vang sparebank. Dei hadde fire opptredenar i perioden.

## **Valdreskvelven spel- og dansarlag, årsmelding 2005**

Valdreskvelven bidrog med kr 500,- i støtte til dei som hadde delteke på Strunkeveka på Leira juli 2005. Det var ni ungdommar frå Vang i år.

Me starta opp med hallingdans, dansarring og song/dans på Åsvang 11. oktober. Det vart ein treg start, men etterkvart gjekk det seg til, og me hadde bra framme tilslutt. Dette tilbodet gjekk annankvar veke med hallingdans, og annankvar veke med dansarring og song/dans. Hallingdans for ungar frå 8 år og oppover, dansarring for 1. til 4. klasse og song/dans for 5. til 10.klasse. Endre Skavhaug Vik og Hallgrim Rogn tok seg av hallingdansen med om lag 10 deltagarar. Anne Lajord Belsheim og Kari Hagaseth hadde dansarring med om lag 5-10 deltagarar, og song/dans for 5.-10. kl med Anne L. B., Ingrid Skavhaug og Kari H. "samla" om lag 5-7 stk. Triveleg tiltak med interesserte deltagarar, når me berre kom i gang! Den eldste gruppa, song/dans var mest "garva" Strunkevekodeltagarar! Siste kvelden før jul var 29.11.05.

Landslaget for spelemenn hadde årsmøte på Beitostølen 4.-6.november.Kari Hagaseth var utsending og møtte på sundag

Æresmedlem Knut Hemsing gjekk bort i desember 2005

22. januar 2006 arr. me konsert på TORSHEIM med spelemannsprisnominerte GAMALTNYNYMALT. Dei som var med i gruppa var Sigrid Moldestad, Håkon Høgemo og Einar Mjølsnes. Me hadde kaffesal frå kl 19! Konserten starta kl 19.30 med om lag 30 tilhørarar. Ein flott konsert med 3 supre hardingfelespelarar – ein triveleg kveld – og dei fekk spelemannsprisen. Dette var ein konsert i regi av den norske folkemusikkscena.

10. mars var det konsert på VBU i regi av Vang musikkråd. Der deltok Anna Ødegården og Bjørg Berge i samspel på langeleik.

På nyåret gjekk det med ein del timer for å planlegge lokalkappleiken/runddansstemnet på Åsvang 25. mars 2006. Dette synst me vart eit bra arrangement!! (sjå eigne møtereferat og oppsummering). Stemnekontoret opna kl 12 og kappleiken starta kl 13. Det var premieutdeling rundt kl 17.30 (tidsskjema held fint!). Me hadde 41 deltagarar på dagtid. Kveldsøkta starta med konsert kl 19.30, og etterpå vart det runddans og meir tevling i RUNDDANSLÆTE, GRUPPER, og LAGDANS, SPRINGAR. Om lag 35 deltok om kvelden. Ein stor dugnadsgjeng gjorde ein stor innsats for å få stemnet vel i hamn. Ein STOR TAKK til alle som deltok.

Det er fleire ting som lagsmedlemmene er med på eller har vore innom gjennom året – eg nemner i stikkordsform:

- Oppgåver på Jørn Hilme stemnet, som vakter på museet og arbeid på stemnekontor.
- Foreldre er med på Strunkeveko som vakter og støttespelarar
- Planlegging av landskappleiken på Beitostølen i juni 2006 (Nils Rogn er nestleidar i nemda)
- Leiari er på leiarmøte i VFL to gonger i året.
- Kari Hagaseth er laget sin representant i Vang musikkråd
- Valdreskvelven v/Kjell Bakken har saman med Vestre Slidre og Ola Hjelle fått i stand springardansing på Kvamshall kvar 14. dag. God oppladning til landskappleiken.
- Laget er medlem i Vang folkeakademi
- Me hadde dverre ingen utsendingar til VFL sitt årsmøte på Leira 24. mars 2006. Me hadde meir enn nok med å gjera alt klart til lokalkappleik på Åsvang den 25.!!
- Me fekk kr 4000,- i FRIFOND midlar.

## **Valdreskvelven spel- og dansarlag, årsmelding 2005**

- Hallinga arrangerte treff for ungdom på Ål. Stian Roland organiserte felles kjøyring frå Fagernes. Ola Norvald Hagen kjøyrde Ola Ingar , Ivar Jørgen, Tora og Anna til Fagernes, og henta dei att om natta!

Me takkar alle som bidreg med noko – mykje eller lite som er med å halde folkemusikken og danseinteressa og Valdreskvelven i gang!

Liagaradn 23.4.2006

Kari Hagseth